

Granvin herad
Postboks 13
5733 GRANVIN

Vår dato: 10.11.2014
Vår ref.: 200701703-14
Arkiv: 323
Dykkar dato: 17.09.2014
Dykkar ref.: 12/49-25

Sakshandsamar:
Toralf Otnes

Fråsegn til offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel - Granvin herad

Vi syner til brev datert 17.09.2014. Saka gjeld offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel.

Naturfare

Revideringa av kommuneplanen er avgrensa tematisk til å innarbeide nye byggeområde for bustader. I planen er det konsekvensvurdert 5 område (4 byggeområde bustad/ 1 LNF spreidd bustad) som er lagt inn som nye område for utbygging i kommuneplanen. Det er gjennomført ROS analyse for dei nye områda. Fleire av desse er, eller kan vere, utsett for skred og flaum. I føresegnene er det sett plankrav, dvs. at det må utarbeidast reguleringsplan før utbygging. NVE rår i utgangspunktet frå å nytte område som er utsett for skred og flaum til utbygging, og at ein gjennom arealdelen styrer ny utbygging til trygge område. Vi legg likevel til grunn at skred- og flaumfare vert nærare vurdert i samband med reguleringsplanarbeidet, og at kan vil sikre at område ikkje vert bygd ut utan tilstrekkeleg tryggleik.

Granvin herad har utarbeidd 3 omsynssonekart som gjeld naturfare. To gjeld skredfare. Snøskred og steinsprangfare (H310_1) er henta frå NGI sitt aktsemdkart på www.skrednett.no. Jord- og flaumskred (H310_2) er også henta frå skrednett. Flaumfare (H320_1) er basert på 200 års flaum langs Granvinvassdraget som vart flaumsonekartlagt i 2007. I føresegnene er det sett krav om dokumentasjon på at nye tiltak skjer i samsvar med TEK10 sine krav.

NVE er nøgde med at Granvin herad nyttar aktsemdkart/faresonekart til å avgrense omsynssoner i kommuneplanen, og at det innanfor omsynssonene vert kravd at det må dokumenterast at tiltak skjer i samsvar med krava til tryggleik i Byggteknisk forskrift (TEK10). Heradet bør syne til heimelen (PBL § 11-8 a) for føresegna.

Dersom heradet vel ei løysing der omsynssoner vert framstilt på eigne plankart, må det gå tydeleg fram på dei ulike plankarta/kartutsnitta at kommuneplanen består av fleire plankart. Dette meiner vi ikkje er tilstrekkeleg gjort no. Vi meiner og at Granvin herad bør sjå på om det er mogeleg å vedta omsynssoner i kommuneplanen med bruk av færre kart. NVE har, saman med Statens kartverk, teke initiativ til eit

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

møte med Granvin herad no i november. Føremålet med møtet er å etablere eit pilotprosjekt saman med heradet for å finne gode måtar å nytte temadata i kommuneplanens arealdel. Vi vonar at dette møtet kan nyttast til å drøfte kartframstillinga, og at NVE/SK kan vere til hjelp for heradet i det vidare arbeidet.

Også i høve til tryggleik mot naturfarar ser NVE ser positivt på at det vert sett generelle byggegrenser mot vassdrag. Ein avstand på minst 20 meter frå bekkar og mindre elvar vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg til å unngå skade frå flaum, erosjon og skred som følgjer elvelaupet.

Vassdrag

NVE meiner at vassdrag med årsikker vassføring er for dårleg merka i plankartet, jf. vårt innspel til varsel om planoppstart datert 24.12.2012. Dette gjer det vanskeleg å sjå dei ulike føremåla i planen opp mot omsynet til vassdrag.

For byggeområde er det sett ei byggegrense på minst 30 m, jf. føresegnene pkt. 1.1.1, dersom ikkje anna er sagt i reguleringsplan. I LNF område der spreidd bygging av fritidsbustader er tillate er det sett av ei sone på minst 50 m langs vassdrag som skal skjermast for privatiserande tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, jf. føresegnene pkt. 4.1.3 nr 9. Det er sett ei generell retningsline, jf. pkt. 4.1.6 nr 2, der det heiter at eit 50 meters belte langs vatn og vassdrag i hovudsak skal sikrast for ålmenne interesser. I retningslinene for område i sjø, bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (jf. kap. 5.1) er det gjeve nokre generelle retningsliner om bygging langs vassdrag og om vegetasjonsbelte. Til dømes heiter det at byggegrensa er 30 meter der anna ikkje er sagt i reguleringsplan. Til slutt under kap. 9 Juridiske linjer er 30 m avstandskrav til vassdrag sett på ny.

NVE ser positivt at heradet set byggegrenser mot vassdrag. I høve til å ta omsyn til vassdragsnatur og ålmenne interesser kan likevel 30 m i mange høve vere knapt. Dette vil til dømes vere tilfelle i store deler av nedslagsfeltet til det verna Granvinvassdraget. Vi hadde difor gjerne sett at heradet sette den generelle byggegrensa med større avstand. Grensa kan differensierast i einskilde område der ei konkret vurdering tilseier kortare avstand. Det kan til dømes vere i eksisterande byggeområde, når det er fastsett i reguleringsplan osv.

NVE vil rå heradet til syne til heimelen når føresegnene fastset ei generell byggegrense mot vassdrag. Heradet kan syne til PBL § 11-9 nr 5.

Vassdrags- og energianlegg

NVE er nøgde med at sentral- og regionalnettanlegg er innarbeidd i plankartet som omsynssoner. Det same gjeld reguleringsmagasinet Krokavatn. Vi kan ikkje sjå korleis kraftverk i heradet er innarbeidd i plankart og føresegner.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune